

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 28.02.2008
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Per Karlsen
Saka gjeld: **Forventa årsresultat 2007**

Styresak 026/08 O
Administrerende direktør si orientering pkt 1

Styremøte 06.03. 2008

Bakgrunn:

Administrerende direktør viser til at det i rapportering frå verksemda pr 31. desember 2007 i styremøtet 6. februar 2008 blei rapportert ein prognose som viser 144 millionar kroner i negativt avvik i høve til resultatkravet for 2007 frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Rekneskapen er enno ikkje avslutta, men det ser no ut til at Helse Vest konsernet får eit avvik i høve til resultatkravet for 2007 frå Helse- og omsorgsdepartementet på om lag 100 millionar kroner. Dette er 44 millionar kroner betre enn rapportert i styremøtet i februar. Ein gjør merksam på at rekneskapen ikkje er endeleg avslutta eller gjennomgått av revisjonen og at det derfor kan komme endringar i rekneskapen.

Rekneskapen vil etter revisjonsgjennomgangen bli behandla i styremøte den 7. mai 2008.